



»»» INFORMASJON FRÅ BYGLAND KOMMUNE «««

BYGLANDSNYTT

Med hjarta i Bygland



KONG HARALD V: 1937 - 2026

»»» LES MEIR - S. 2

Ordførar i Bygland kommune med helsing og kommunedirektøren med informasjon i samband med Kong Haralds bortgang.

LES MEIR - S.15 «««

Det vert ei storslått feiring av den nyopna Austad kyrkje, søndag 13. september 2026. Dit kjem nemleg Oslo kammerkor!

NYTT FRÅ SKULANE PÅ BYGLANDSFJORD OG BYGLAND

OPNINGSKONSERT I AUSTAD KYRKJE PÅ TVEIT

»»» LES MEIR - S. 8

Åkke-veke og Bli kjen-tur gjer skuleelevane moglegheit til å bli kjent med både kvarandre og med skulanes tilsette. Og dei koste seg stort!



MERKETIDER SEPTEMBER 2026:

09.09. kl. 13.00 (Oslo domkirke): Gravferd til Hans Majestet Kong Harald



ORDFØRAREN SI SIDE

HELING FRÅ ORDFØRAREN



**KONG HARALD (89) DØYDDE PÅ
RIKSHOSPITALET 28. AUGUST
2026. FOTO: KIMM
SAATVEDT/DET KONGELIGE HOFF**

Kjære alle saman

Me tok imot budskapen om at Kongen vår er gått bort med stor sorg og medkjensle med kongefamilien. Me delar tapet av ein samlande og kjær folkekonge som alltid stod fjellstøtt for landet vårt. På same tid har vi fått ein ny konge. **Vi er trygge på at Kong Haakon VIII vil gjere ein god jobb som Noregs nye konge.** Han ber med seg solid erfaring, og med valspråket «Alt for Noreg» vil han føre dei stolte tradisjonane til kongehuset vidare.

Samstundes ser vi at hausten har kome til Bygland. Naturen skiftar farge, kveldane mørknar, og kvardagen krev sitt av oss. Hausten minner oss om dei naturlege svingingane i livet – at alt har si tid.

La oss i denne tida ta ekstra godt vare på kvarandre her i kommunen vår. Møt haustmørket med varme, og la oss minnast Kong Harald med takknemlegheit for alt han har vore for Noreg, medan me ynskjer vår nye konge alt godt i den store gjerninga han no tek over.

Venleg helsing,

Runar Granheim, Ordførar i Bygland kommune

INFORMASJON FRÅ BYGLAND KOMMUNE I SAMBAND MED KONG HARALDS BORTGANG

Det vil bli flagga på halv stong ved alle kommunale bygg i Bygland kommune fredag 28. august og dagen for gravferd (09.09. kl. 13.00, Oslo domkirke). I sørgeperioden elles blir det flagga på halv stang **ved kommunehuset.**

Kondolanseprotokoll

Bygland kommune legg ut kondolanseprotokoll i kommunehuset for dei som ønskjer å uttrykkje si medkjensle og skrive ei siste helsing.

Arrangement i sørgeperioden

Bygland kommune tilrår at offentlege arrangement i den nasjonale sørgeperioden blir avlyste eller tilpassa den ramma som no er sett for landet. Arrangement og ordinære tilbod retta mot barn og unge blir tilrådde gjennomførte som normalt.

Mvh Simon Ellingsberg, kommunedirektør





POLITISKE MØTE - SEPTEMBER 2026



- Bygland ungdomsrådsmøte: 04.09. kl. 11.30
- Plan-, miljø- og ressursutvalet: 08.09. kl. 09.00
- Levekårsutvaletmøte: 09.09. kl. 09.00 (blir evtl. utsatt)
- Formannskapsmøte: 10.09. kl. 09.00
- Kommunestyremøte: 23.09. kl. 09.00



Livestreaming av og lydfiler frå kommunestyremøte

Vi ønskjer å vere ein open og transparent kommune. Difor blir kommunestyremøta streama direkte. Du kan og finne opptak frå tidlegare møte under **Politikk og innsyn** på heimesida vår: **bygland.kommune.no**

RÅD FOR ELDRE OG PERSONAR MED FUNKSJONSNEDESETTINGAR

VIDAR TOREID (1946 - 2026)

Me sørgjer over vår kjære og engasjerte kollega og rådsmedlem Vidar Toreid, som gjekk bort natt til måndag 31. august 2026.

Kvil i fred, Vidar.



INFORMASJON FOR ELDRE

MARKERING AV 10 ÅR'S JUBILEUM FOR TEPPEBOWLS

I forbindelse med at Teppebowls har holdt på i 10 år inviterer Bygland Pensjonistforening i samarbeid med teppebowlsgruppa til festlig samvær Torsdag 10. September kl. 16.30 i Byglandshallen.

- 16.30 Presentasjon av Teppebowls, alle som har lyst får prøve seg.
- 18.30 Samling i lokala til frivilligsentralen, underholdning og servering.

Ingen påmelding, gratis adgang, møt opp.

Helsing Teppebowlsgruppa og Pensjonistforeninga.

NYE TILBOD PÅ BYGLANDSHEIMEN

kvar onsdag (sjå s. 6)

o kl. 12.00 -15.00: Open dag og kl. 15.30 Onsdagsmiddag



REDAKSJONSNOTAT BYGLANDSNYTT NR. 85

Ansvarleg redaktør: Simon Ellingsberg - **Redaktør:** Susanne Hegenscheidt

Bilete: Framside: Flagg på halvstong foran kommunehuset på Bygland;

Innhald (m.m. anna er spesifisert): S. Hegenscheidt;

Kva skjer: Langeidsverdet / Bygland kommune

Arkiv: bygland.kommune.no/byglandsnytt

Byglandsnytt oktober 2026: 25.09.2026, skrivefrist: 24.09.

Send tips til post@bygland.kommune.no - merknad: Byglandsnytt



OPNINGSTIDER BYGLAND KOMMUNE

BYGLAND KOMMUNEHUS



- Sentralbord/Publikumsmottaket: tlf. 37 93 47 00 mån-fre kl. 10.00-14.00
- NAV: tlf. 55 55 33 33 - mån-fre kl. 08.00-15.00
- NAV Bygland: drop-in på torsdagane kl. 12.00-14.00

EVJE OG BYGLAND LEGESENTER



Sentrale: tlf. 37 40 79 00 - **Legevakt tlf. 116 117 - Ambulanse 113**
telefontider mandag – fredag kl. 08.30 – 11.30 og kl. 13.00 – 15.00

- BYGLAND LEGEKONTOR, SENTRUM 18, 4745 BYGLAND
tysdag og torsdag kl. 08.00 - 15.00
- EVJE LEGEKONTOR, LJOSHEIMVEGEN 5, 4735 EVJE
mandag - fredag kl. 08.00 - 15.00

EVJE TANNLEGEKLINIKK



Tilbod om tannbehandling får du på Evje tannklinikk.
Evje tannklinikk: tlf. 37 93 01 95
Nils Heglands veg 40, 4735 Evje (2. etasje til venstre)

FOLKEBIBLIOTEK I BYGLAND



Bibliotekar: Mari Rygg, tlf. 945 22 025
Vi har eit godt utval av bøker og tidsskrift for alle.
Vi har òg Setesdølen og bygdebøkane Bygland
gard & ætt.

På Bygland er det høve å sjå vikingutstillinga og kopi av Hylestadportalen.

Open vikingutstilling i Bygland biblioteket sine opningstider.

BIBLIOTEK PÅ BYGLAND, SENTRUM 16, 4745 BYGLAND

- måndagar kl. 10.00 - 14.00
- onsdagar kl. 10.00 - 16.30
- torsdagar kl. 09.00 -12.30 og 14.30 - 17.30

**BIBLIOTEK PÅ BYGLANDSFJORD, STASJONSOMRÅDE,
4741 BYGLANDSFJORD**

- måndagar kl. 16.30 - 19.00
- tysdagar kl. 9.00 - 14.30

Biblioteka er stengde i veke 40 (haustferie).





SAMFUNN

OFFENTLIG INFORMASJON OM HENSETTING AV PRIVAT EIGEDOM PÅ KOMMUNAL GRUNN

Bygland kommune gjer merksam på at privat eigedom ikkje kan lagrast eller hensetjast på kommunal grunn utan særskild skriftleg avtale med kommunen.

Dette gjeld mellom anna bilar, båtar, hengarar, kajakkar, kanoar, campingvogner, maskiner, utstyr, byggjematerialar og anna lausøyre.

All lagring eller hensetting av privat eigedom på kommunal grunn krev gyldig skriftleg avtale med Bygland kommune.

Privat eigedom som bilar, båtar, hengarar, kajakkar eller anna lausøyre kan ikkje lagrast eller hensetjast på kommunal grunn utan skriftleg avtale med Bygland kommune.

Dersom privat eigedom blir funnen hensett på kommunal grunn utan dokumentert løyve, vil gjenstanden bli merka med varsel frå Bygland kommune. Eigar pliktar då å fjerne gjenstanden innan 3 veker frå datoen varselet blir sett opp.

Dersom eigar meiner å ha løyve til å lagre eller plassere eigedom på kommunal grunn, skal dette dokumenterast ved framlegging av gyldig skriftleg avtale eller kontrakt inngått med Bygland kommune. Manglande dokumentasjon vil bli lagt til grunn som at løyve ikkje føreligg.

Dersom gjenstanden ikkje er fjerna innan fastsett frist, og gyldig avtale ikkje kan leggjast fram, kan Bygland kommune sørgje for at gjenstanden blir fjerna. Eventuelle kostnader knytte til fjerning, transport, oppbevaring eller avhending kan bli kravde dekkja av eigar.

Har du spørsmål, kan du ta kontakt med

Thomas Patrick Salvesen Walther, Prosjektleiar Teknisk

+47 90 29 63 01, Thomas.Patrick.Salvesen.Walther@bygland.kommune.no

VEG- OG ASFALTERINGSARBEID PÅ HAUGETVEITVEGEN, ÅRAKSBO I VEKE 37

I løpet av veke 37 vert det gjennomført vegarbeid på Haugetveitvegen i Åraksbø. Arbeidet kan føre til periodar med avgrensa framkome på delar av vegen.

På **måndag, tysdag og onsdag kveld (07.-09. september)** vil det i periodar ikkje vere mogleg å passere anleggsmaskinane i bakkane opp mot Haugetveit.

Årsaka er at det skal skiftast stikkrenner for å bidra til å bremse forfallet på vegen og betre avrenninga.

Torsdag 10.09.2026 blir det asfalt arbeider frå skulehus på Åraksbø og opp mot Haugetveit.

Vi håpar på forståing og takkar for tolmodet medan arbeidet pågår.

FLEIRE OPPDRAG UTE PÅ ANBOD I BYGLAND KOMMUNE

Bygland kommune har for tida fleire anbod ute på Doffin, den nasjonale databasen for offentlege innkjøp. Mellom anna gjeld dette rørleggartenester, brøyting og vinterdrift, samt ei rammeavtale for elektroarbeid. Interessentar kan finne meir informasjon og levere tilbod gjennom Doffin.

Bygland kommunen har fleire anbod ute på Doffin.no:

1. Rørleggertjenester for kommunale bygg og anlegg
2. Brøyting og vinterdrift i Byglandsfjord og grendene
3. Rammeavtale for elektroarbeider i Bygland kommune



SYMBOLFOTO: PIXABAY.COM



SYMBOLFOTO: PIXABAY.COM



HELSE OG OMSORG

NYTT TILBOS PÅ BYGLANDSHEIMEN

kvar onsdag

o kl. 12.00 -15.00: **Open dag**

o kl. 15.30 **Onsdagsmiddag** - kr. 125; påmelding innan måndag kl. 12.00 (maks 10 påmeldte); Byglandsheimen kjøkken, tlf. 94 53 29 40

Kontakt:

Kenneth Fyhn, Trivsleskoordinator, tlf. 90 22 55 03
Byglandsheimen, Prestliidi 68, 4745 Bygland



PÅRØRANDESKULEN I SETESDAL

Kurs for pårørende til personar med demens eller minneproblem

 Tysdag 6., 13., 20. og 27. oktober 2026

 Kl. 18.00-21.00

Kva er pårørandeskulen?

Pårørandeskulen er eit gratis kurstilbod til deg som har ein familie-medlem eller ein nær venn som har minneproblem/ eller ein kjend demenssjukdom.

Kva inneheld kurset?

- 1.samling, 6 okt.: Dei ulike demenssjukdommane v/ Hallvard Mosdøl Utfordrende åtfærd v/Bjørn Harald Hagen
- 2.samling, 13 okt.: Kommunikasjon og samhandling v/ Monica Reiersølmoen Vigre; Bruk av musikk i demensomsorga. Aktivitetar me kan gjera saman v/Katrine Homdrum
- 3.samling, 20 okt.: Praktiske utfordringar i kvardagen -Tekniske hjelpemiddel v/ Elisabeth Storsveen Brannsikkerhet for utsette gruppe - kva me som pårørende bør ha fokus på og kan hjelpa med Setesdal brannvesen IKS v/Fredrik Langfeldt
- 4.samling, 27 okt.: Tilbod i kommunen. Korleis søkja om hjelp? v/Britt Enny Haugland. in pårørende forteljar v/Siren Bakke Winjor

Praktiske opplysningar

Fysisk oppmøte i Bykle helsesenter, eller i LMT Evje lokala sine i Sentrumsbygget

Siste påmeldingsfrist: 2. oktober

Påmelding

Namn: Signe Telhaug – Koordinator i Hukommelsesteamet ☎ 945 20 970

E-post: signe.telhaug@e-h.kommune.no

Pårørendeskulen er eit interkommunalt samarbeid mellom kommunane i Bykle, Valle, Bygland, Evje & Hornnes og Åseral



SYMBOLFOTO: PIXABAY.COM

KULTUR

INFORMASJON OM SPELEMIDDELORDNINGA

Skal de søke om spelemidler for 2027?

Fristen for lag og foreningar som skal søke spelemidler til etablering av nye friluftsliv-, idretts- og nærmiljøanlegg er 1. oktober. Det betyr at om laget ditt planlegg eit anlegg i 2027, og søknaden er innafor vilkåra for spelemidler, må søknaden vere inne innan 01.10.2026.

Kva kan de søke om spelemidler til?

De kan søke om støtte til bygging og rehabilitering av anlegg for idrett og friluftsliv, nærmiljøanlegg og fast inventar til disse.

For nærmiljøanlegg er tilskuddssatsen inntil 50% av godkjent kostnadsoverslag, for andre anlegg er tilskuddssatsen inntil 33%. For alle typer anlegg er det ein maksimal grense for tilskuddets storleik.

Eit prosjekt må vere 100% finansiert, inklusiv spelemidler, før du søker.

For meir informasjon: lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2026-06-05-1024



SYMBOLFOTO: PIXABAY.COM

KULTURHISTORISKE «BLÅ SKILT» I BYGLAND

Bygland kommune har ein stolt bygningsarv og spanande kulturminner. I høve kulturminneplanen er det eit mål å «gjere kulturminna meir synlege og tilgjengelege, samt legge til rette for gode opplevingar for enkeltmenneske, og samfunnsutvikling og verdiskaping til beste for fellesskapet». Landeskogen og Byglandsfjord stasjon er ein del av denne stolte bygningsarven og to flotte kulturminner. Dei blir dei første bygningane i kommunen som får kulturhistoriske «Blå skilt».

Føremålet med Blå skilt er å fortelje kulturhistorie i kortform der det faktisk skjedde.

Det vert offisiell avduking av skilta under kulturverndagane på **Landeskogen Kunstsanatorium 12.09.** og **Stasjonens dag på Byglandsfjord den 5.9.**



FOTO: BYGLAND KOMMUNE

AVDUKINGA AV LANGEIDSVERDET OG LISLEFARMEN VART UTSETT

Avdukinga av Langeidsverdet i rundkøyringa og arrangementet Lislefarmen som opprinneleg skulle ta til laurdag 29.08. vart utsett. Avgjerda vart teken av omsyn til situasjonen kring Kong Harald sin bortgang, etter semje mellom Bygland kommune, Agder fylkeskommune, Kulturhistorisk Museum og Bygland Husflidlag. Me kjem tilbake med ny dato etterkvart.



FOTO: BYGLAND KOMMUNE

OPPVEKST

ÅKKE-VEKA PÅ BYGLANDSFJORD

I veke 35 har Byglandsfjord skule hatt fokus på å bli betre kjende med kvarandre, samarbeid og byggje gode relasjonar.



FOTO: BYGLANDSFJORD OPPVEKSTSENTER

BLI KJENT-TUR PÅ BYGLAND

Måndag 17.08 var 1. – 7. klasse på bli kjent-tur til Byglandslia. Det var ein nydeleg dag og vi var veldig imponert over den spreke gjengen som gjekk opp dei bratte bakkane. Store hjalp små, og praten gjekk lett på veg oppover. Vel oppe fekk me betalt med ein spektakulær utsikt og mange kunne sjå heilt heim! Etter nokre timar med mat og leik gjekk vi glade og nøgde heim.



FOTO: BYGLAND OPPVEKSTSENTER

1. KLASSE PÅ BYGLAND SKULE

Her er den fine gjengen som starta i 1. klasse på Bygland skule i haust: Liv Haugetveit, Sander Heistad Von Hafenbrädl, Anny Haugland Skomedal, Christian Heistad Von Hafenbrädl og Maksim Moskalov



FOTO: BYGLAND OPPVEKSTSENTER



HAUSTFERIE VEKE 40 - 28.09.-04.10.



BYGLAND FRIVILLIGSENTRAL OG BUA BYGLAND



BYGLAND FRIVILLIGSENTRAL OG BUA BYGLAND

Besøksadresse: Prestneset 2, 4745 Bygland

Postadresse: Sentrum 18, 4745 Bygland

e-post: post@bygland.frivilligsentral.no; bygland.frivilligsentral.no

Leiar: Anne Fauske, tlf. 94 51 07 70

Foreningsportalen: bygland.foreningsportal.no



Opne aktivitetar

- BUA Bygland (utstyrssentralen), bua.io, tlf. 94 50 28 58
- Utkøyring av middag to gonger i veka
- Innsats for andre, valfag for 8. klasse: Kan tilby praktisk hjelp heime.

Aktivitetar på Frivilligsentralen på Bygland

- Måndagscafe: måndagar i oddetalsveker kl. 12.00 - 14.00 (07. og 21.09.)
- Bygdemiddag: tysdagar i oddetalsveker kl. 16.00 - 17.30 (08. og 22.09.)
- Bingo: tysdagar i partalsveker kl. 18.00 - 20.00 (01., 15. og 29.09.)
- Strikkecafé: til vanleg 1. og 3. torsdag i månaden kl. 18.00 - 21.00 (03.+ 17.09.)
- Sosial/Språkkafé: onsdagar kl. 11.00 - 12.30 (språktrening for utenlandske naboar)

Aktivitetar i Byglandshallen

- Styrketrening i Byglandshallen: kvar torsdag kl 13.00 - 14.30
- Teppebowl: torsdagar i oddetalsveker kl. 16.30 - 18.00 (10. og 24.09.)

Aktivitetar andre plasser

- Seniorsenter: måndagar i partalsveker, kl. 11.00 - 14.00 – Grendi skule (14. og 28.09.)
- Bygland Mekkeklubb: måndagar kl. 17.00 - 20.00, Nesmoen 3, Bygland (ikkje oppstarta)
- Besøksven på Byglandsheimen: 1. torsdag i månaden kl. 14.00

BYGLAND UNGDOMSKLUBB

BYGLAND UNGDOMSKLUBB, SENTRUM 24, BYGLAND

Kontakt:

Kim Andre Nomeland
Thorstensen

Tlf. 98 46 99 89

E-post:

kim.thorstensen@bygland.kommune.no

Dag og tid

Aldersgruppe

Måndagar kl. 14.30 - 16.30

alle trinn (5.klasse- 3. VGS)

Måndagar 16.30 - 19.30

5. - 7. klasse

Onsdagar kl. 18:00 - 21:00

8. klasse - 3. VGS



BYGLAND FRIVILLIGSENTRAL OG BUA BYGLAND



INVITASJON TIL OPPLÆRING I FRISKUS – AKTIVITETSPORTALEN I BYGLAND

Dato: **22. september 2026** Tid: **18.00–20.00**

Stad: **Bygland kommunehus, kommunestyresalen**

Servering: Det blir servert mat

Vil de bli meir synlege og nå ut til fleire innbyggjarar i Bygland?

No inviterer Bygland kommune lag og foreiningar til ei hyggeleg og praktisk opplæring i Friskus aktivitetsportal.

Friskus skal bli ein felles stad der innbyggjarane enkelt kan finne ut kva som skjer i Bygland – aktivitetar, arrangement og tilbod for både barn, unge, vaksne og eldre. Portalen blir òg synleggjort i kommunen sin nye kommuneapp, og kommunen ønskjer å gjere haustens aktivitetar godt kjende for innbyggjarane.



Kvifor bør de delta?

For lag og foreiningar er Friskus eit enkelt verktøy for å:

- Synleggjere laget eller foreininga og det de tilbyr
- Leggje ut aktivitetar og arrangement slik at fleire finn dykk
- Få oversikt over kva andre lag og foreiningar tilbyr
- Bruke eit eige påmeldingssystem når de treng det
- Nå ut til fleire innbyggjarar og bidra til eit meir inkluderande og aktivt lokalsamfunn

Målet er at innbyggjarane skal sleppe å leite fleire stader for å finne ut kva som skjer – alt på éin stad!



Opplæring 22. september 2026

Vi inviterer til ei enkel og praktisk gjennomgang der vi viser korleis de kjem i gang, opprettar og administrerer aktivitetar og brukar Friskus som eit verktøy for laget eller foreininga dykkar.

Det blir òg god anledning til å stille spørsmål og få hjelp til å leggje ut eigne aktivitetar.

Bli med og gjer hausten synleg i Bygland!

Jo fleire lag og foreiningar som brukar Friskus, desto betre blir aktivitetsoversikta for innbyggjarane. Saman kan vi gjere det enklare for fleire å finne noko å delta på – og bidra til eit aktivt, inkluderande og levande Bygland.

Vi håpar å sjå dykk!

Kontakt:

Anne Fauske

Leiar i Bygland frivilligsentral og BUA Bygland

tlf. 94 51 07 70

INVITASJON TIL OPPLÆRING I FRISKUS AKTIVITETSPORTALEN I BYGLAND -LAG OG FORENINGER



Kvifor bør dykk delta?

For lag og foreiningar er Friskus eit enkelt verktøy for å:

- Synleggjere laget eller foreininga og det dykk tilbyr
- Leggje ut aktivitetar og arrangement slik at fleire finn dykk
- Få oversikt over kva andre lag og foreiningar tilbyr
- Bruke eit eige påmeldingssystem når dykk treng det
- Nå ut til fleire innbyggjarar og bidra til eit meir inkluderande og aktivt lokalsamfunn

September

Tirsdag **22** 2026

18:00 – 20:00

Kommunestyresalen-Kommunehuset i Bygland

Me serverer pizza, kaffi og brus. Ta middagen her.

Ta med pc-Kurset er praktisk, slik at du kan gå i frå kurset og allereie ha sett opp konto.

 Bygland kommune
Med hjarta i Bygland



BYGLAND FRIVILLIGSENTRAL OG BUA BYGLAND



INFORMASJON OM BUA BOKSENE

Kva om du kunne lånt ein fotball, eit skateboard eller ei hengekøye akkurat når du treng det? Det er nett dette BUA-boksen handlar om.

BUA har i over 10 år gjort det mogleg å låne aktivitets- og friluftsutstyr gratis gjennom avdelingane våre. No tek vi konseptet eitt steg vidare og introduserer BUA-boks som pilot i Bygland.

BUA-boksen er ein sjølvbetent aktivitetsboks fylt med aktivitetsutstyr, plassert ute i nærmiljøet ved Årdalshallen, Byglandshallen og ved Åraksbø skulehus, altså på stader der folk naturleg er i aktivitet.

Med BUA-boksen kan du enkelt:

- Bruke BUA-appen til å finne boksen og opne han.
- Låne utstyr heilt gratis.
- Ha det gøy.
- Leverer tilbake når du er ferdig.

Meir spontan aktivitet

BUA-boksen er eit pilotprosjekt der vi plasserer ut 3 boksar med aktivitetsutstyr på stader der folk allereie oppheld seg.



Med BUA-boks skal det bli enklare å ta i bruk desse områda spontant, til dømes ved å spele fotball når ein går forbi ei bane eller ein plen i ein park. Boksane kan innehalde utstyr som basketballar, fotballar, badmintonsett, kubb og hjelmar. Føremålet er å gjere utstyr tilgjengeleg nær der aktiviteten skjer.

SPØRSMÅL OG SVAR:

Kva er BUA-boksen?

BUA-boksen er eit supplement til dagens bemanna og sjølvbetente BUA-avdelingar. Målet med BUA-boksen er å få fleire barn og unge i aktivitet ved å tilby utstyr som inspirerer til aktivitet, spontant og der aktiviteten skal skje.

Kvar er BUA-boksane?

BUA-boksane er synlege i BUA-appen. 19 BUA-boksar blir plasserte ut i desse pilotkommunane: Bergen kommune, Bygland kommune, Akershus fylkeskommune og Hurdal kommune. Vi er i pilotfasen fram til sommaren 2027.

Kven kan låne?

Alle som lastar ned den nye BUA-appen kan låne frå boksane. Brukarar under 18 år må ha samtykke frå foreldre eller føresette, men dette blir enkelt gitt gjennom Vipps i BUA-appen.

Korleis fungerer det?

Last ned BUA-appen og lån gratis. I BUA-appen har du oversikt over innhaldet i boksen, og vel kva luke i boksen som skal opnast. Når du er ferdig med aktiviteten, legg du utstyret tilbake i same luke. Du kan ikkje reservere utstyr på førehand i appen.

Er det trygt?

Tryggleik er viktig for oss. Vi brukar kvalitetsutstyr som blir kontrollert jamleg. Noko utstyr, som skateboard, blir alltid lånt ut saman med hjelm. Lån skjer på eige ansvar. Dersom du brukar utstyret på vanleg vis og leverer det tilbake i tide, blir du ikkje erstatningspliktig. Dersom utstyret ikkje blir returnert, eller blir øydelagt ved feil bruk, kan du bli erstatningspliktig.



BYGLAND OG ÅRDAL SOKN

BYGLAND KYRKJELEGE FELLESRÅD

Sentrum 18, 4745 Bygland; bygland.kyrkje.no og FB

Prest: Mats Hansen: 938 00 707

Kyrkjevevjerje: Anne Synnøve Ropstad: 90 91 66 64

Prostidiakon: Åse Gudrun Thortveit: 91685159

- **Gudsteneste:** 27.09. kl. 11.00 i Årdal kyrkje, Grendi
- **Andakt på Byglandsheimen:** 1., 15. og 29.sept; kl 14.00
- **Konsert:** Opningskonsert i Austad kyrkje på Tveit, søndag 13.09. kl. 15.00 (sjå informasjon nede)
- **Herre café:** tysdag 15. og 29.09. kl. 12.00 -15.00, Bjoren Brygge
- **Open kyrkje:** No blir lys tent over heile landet i sorga ved kong Harald sin bortgang. Tenn eit lys der du er: Vi holder Bygland kyrkje open **mån/tys 07./08.09. kl. 10.00 - 14.00**



OPNINGSKONSERT I AUSTAD KYRKJE

Det vert ei storslått feiring av den nyopna Austad kyrkje, søndag 13. september 2026.

Dit kjem nemleg Oslo kammerkor.

Heilt sidan kyrkja på Tveit vart stengd i 2023 grunna manglar på det elektriske anlegget har det vore tale om å starte eit arbeid med kulturkyrkje. No er foreininga Setesdal kulturkyrkje formelt stifta, og det er mellom anna Gunnar D. Ose og Kirsten Bråten Berg som står i spissen for dette arbeidet.

Me er glade for å kunne ha ei opningsfeiring, **søndag 13. september kl. 15:00**, med mykje flott musikk. **Oslo kammerkor** er hovudattraksjonen.

Koret har i mange år arbeidd med folkemusikk. Kirsten Bråten Berg har hatt kurs med dei og har sjølv vore med på konsert i Ris kyrkje i Oslo. Koret nyttar stevleik, slåttetrallar og religiøse folketonar i programma sine.

Dirigent for koret er **Håkon Daniel Nystedt**, og fleire i koret er erfarne kvedarar. Koret skal laurdag 12. september ha kvedekurs med fleire kvedarar frå Setesdal spelemannslag.

I tillegg til Oslo kammerkor, vil **kvedarar frå Setesdal spelemannslag**, koret **Kong Hanes** eftf. med solist **Jan Oddvar Rysstad**, og organist **Eirik Hodnemyr** delta i konserten. Dette vil du ikkje gå glipp av.

Billetter hos www.checkin.no/ - Søkord: Oslo Kammerkor



Bilde: Oslo Kammerkor



TØMEKALENDER FOR BYGLAND KOMMUNE

SØPPELTØMING - SEPTEMBER 2026

- Papir og plast: veke 36: tys 01.09. og veke 40: tys 29.09.
- Matavfall og glass/metall: veke 36: torsdag 03.09.
- Matavfall og restavfall: veke 38: torsdag 17.09.



GJENVINNINGSTASJONER

- Nesmoen, Bygland: kvar 2. onsdag i månaden kl. 14.00–18.00 (09.09.) og 4. laurdag i månaden kl. 10.00–13.00 (26.09.)
- Syrtveit, Evje: Fri levering av sortert hushaldningsavfall tysdag kl. 08.00–14.30, torsdag kl. 08.00–19.00 og 2. laurdag i månaden kl. 10.00–13.00 (12.09.)

Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS, e-post: post@smg-iks.no; heimeside: smg-iks.no, tlf. 901 94 724

KORLEIS FÅR DU NYE SØPPELPOSAR?

Ønskjer du nye matavfallsposar eller sekkar for returplast, hugs å knytte ein slik pose/sekk på dunken ved neste tøminga.

Sjåførane til Setesdal Miljø & Gjenvinning legger da igjen ei ny pakke til deg, med mindre søppelbilen er tomme for nye posar/sekkar.



YMSE

TURISTINFORMASJON PÅ BYGLAND I STOGA KAFÉ

Presteneset 10, 4745 Bygland, tlf. 906 65 459

Stoga A/S leverar turistinformasjonstenesta i Bygland.

Her får du informasjon og turtipps, kaffe og snacks. Stoga arrangerer kulturarrangement, og guida turar på førespurnad
Vert og guide: Olav Grendstad. - Ope alle dagar kl. 11-17.




BYGDEKINOEN PÅ BYGLAND KULTURSCENE

Onsdag 23.09.

kl. 17.30 Barnefilm

kl. 19.30 Vaksenfilm

Programmet står ikkje klart ved redaksjonslutt...



OPEN BRANNSTASJON

Laurdag 19.09. kl. 10.00 -14.00 på Nesmoen, Bygland
Setesdal brannvesen inviterer til open stasjon ovre heile Setesdal same dag.

- Det blir moglegheit til å delta i kunnskapsløype.
- Sjå og prøve brannbiler og utstyr.
- Brannbamsen Bjørnis kjem kl 13:00.

Program og aktiviteter vil kunne variere fra stasjon til stasjon.



FOTO: SETESDAL BRANNVESEN IKS



YMSE - KUNST OG KULTURVERN

STASJONENS DAG PÅ BYGLANDSFJORD

Laurdag 5. september arrangerer Byglandsfjord stasjons venner "Stasjonens dag" på Byglandsfjord stasjonsområde. Arrangementet er ein del av dei nasjonale kulturvernisdagane som i år har temaet "kulturvern i fare".

Program for dagen:

- 12.00: Kafeen opnar. Stad: Stasjonsbygningen
- 14.00: Offisiell opning. Stad: Rampescena:
 - Musikalsk innslag v/Endre Stulien;
 - "Kulturvern i fare" v/Inger Lise Stulien;
 - Velkomsthilsen v/Torgeir Moseid.
- 15.00: Konsert med Ole Brattfjord. Stad: Rampescena
- 16.30: Omvising med Torgeir Moseid: Avduking av blått kulturminneskilt. Stad: Stasjonen

14.30 - 18.00: Besøk DS Bjoren Knut Haugetveitfortel om DS Bjoren. Stad: Bjorenhuset.
Arrangør: DS Bjoren/Setesdalsmuseet



FOTO: KNUK KETIL OFTEDAHL

Utstillinger/aktivitetar

- Kunstprosjekt ved Byglandsfjord skule. Stad: Lokstallen
- Fargelegging av tog og togstasjonar. Stad: Stasjonen/Biblioteket

NB! Arrangementet er gratis og det er overraskingar til barna

Arrangementet er støtta økonomisk av **Kulturvernforbundet** og **Bygg Bygland**.

LANDESKOGEN KUNSTSANATORIUM

Landeskogvegen 86, Grendi i Bygland

OPEN DAG PÅ LANDESKOGEN

Kulturverndagane 2026 12.-13. september, kl. 12.00 -16.00

Trykkteteknikker og kulturarv



**KULTURVERN
DAGENE 2026**

Kulturvernforbundet

Kulturarv i fare

Landskogen Kunstsanatorium, 12.-13. September



YMSE - MUSIKK

Som i Byglandsfjord sør i kommunen skjer det òg ein del ting i Øvre Bygland:
På Ose blir det bygd **ny Ose bru**, slik at tungtrafikk kan ferdast mellom Austad og R9.
Potetbaker'n på Coop Ose startar ny sesong til hausten.

KONSERT MED OSLO KAMMERKOR I AUSTAD KYRKJE PÅ TVEIT

Austad kyrkje på Tveit har vore eit viktig samtaleemne i Bygland dei siste åra.
Kyrkja ligg på Tveit nord i Bygland og vart vigsla 7. juli 1880. Ho er ei trekyrkje har om lag 250 sitjeplassar. - I januar 2023 vedtok kyrkjeleg fellesråd å stengje kyrkja på grunn av store manglar ved det elektriske anlegget. Det ville krevje omfattande investeringar for å utbetre anlegget. Sia då blei det lagt mykje arbeid i kyrkja.

Sundag 13.09. kl. 15.00

skipar no Setesdal Spelemannslag til stor konsert med Oslo Kammerkor, Kong Hanes Eftf., Eirik Hodemyr og lokale kvedarar frå spelemannslaget.

Konserten blir ein musikalsk fest for heile dalen!

Velkomen til Austad kyrkje på Tveit!

BYGLAND HORN MUSIKK OG NOREGS LENGSTE KORPS

Det blir tonar og + Basar!

Sundag 20.09. kl. 15.00 - 17.00

- kl. 15.00: konsert i Sandnes kyrkje, Åraksbø
- kl. 16.00 Basar i Åraksbø grendehus



YMSE - ANNA FLOTT

OPE MELKEFJØS PÅ LAUVDAL

Nautedalsvegen 17, 4745 Bygland

Torsdag 03.09. kl. 13.00 - 17.00

Velkommen til ope melkefjøs hos Gunstein og Ingrid Attestog - Lauvdal på Bygland!

Variert program, visning, servering, kos med dyra, prøvkøyring med traktor m.m.



Oslo Kammerkor

Austad kyrkje på Tveit

Sundag 13. September
klokka 15.00

Billetter: 250,-
Kan kjøpast i døra
Gratis inngang for dei under 15 år

Med gjester:

Koret Kong Hanes eftf.

Eirik Hodnemyr

Lokale kvedarar frå
Setesdal
Spelemannslag





KVA SKJER I BYGLAND SEPTEMBER 2026

(MED ATTERHALD OM ENDRINGAR)



Langeidsverdet i rundkøyringa på Bygland

DATO	ARRANGØR OG STAD	TID	KVA SKJER
laurdag 05.09.	Byglandsfjord stasjonsområde	kl. 12 -18	Stasjonens Dag (sjå s. 14)
torsdag 03.09.	Lauvdal i Bygland	kl. 13 -17	Åpent melkefjøs (sjå s. 15)
tysdag 08. og 22.09.	Bygland frivilligsentral	kl. 16 - 17.30	Bygdemiddag
laurdag/sundag 12./13.09.	Landeskogen kunstsanatorium, Grendi	kl. 12 - 16	Trykketeknikker og kulturarv. Kulturverndagar
laurdag 12.09.	Byglandsfjord grendelag, Årdalshallen	kl. 15	Kompebasar
sundag 13.09.	Austad kyrkje på Tveit	kl 15	Opningskonsert (sjå s. 15)
laurdag 19.09.	Setesdal brannvesen IKS, Brannstasjon på Nesmoen, Bygland	kl. 10 -14	Open brannstasjon
sundag 20.09.	Bygland Hornmusikk; Åraksbø	kl. 15 -17	Konsert og basar (sjå s. 15)
onsdag 23.09.	Bygdekinoen på Bygland kulturscene	kl. 17.30 kl. 19.30	program ikkje avklart
sundag 27.09.	Årdal kyrkje, Grendi	kl. 11	Gudsteneste med den nye soknepresten Mats Hansen
fre - sun 18.-20.09.	Bygland Husflidslag; stad: sjå Facebook		Lus & Løye

Arrangement i regi av Bygland frivilligsentral og Bygland ungdomsklubb: s. 9